



TIL FYLKESKOMMUNEN SI INFORMASJONSAVDELING

INTERNASJONAL PRIS TIL FYLKESKOMMUNAL SATSING

Den fylkeskommunale satsinga på Nasjonal digital læringsarena har fått ein internasjonal pris. [NDLA](#) er tildelt prisen Boldic Award 2014. Sjølve prisoverrekkinga skjedde på konferansen "Lärande i förändring" i Stockholm 23. oktober. Hendinga blir også markert på Fleksibel Utdanning Norge sin konferanse i Oslo i november.

Nordisk-baltisk samarbeid

Boldic Award blir gitt til personar, prosjekt eller organisasjonar som utviklar verktøy og metodar innanfor fjernundervisning og fleksibel opplæring. Det er eit samarbeid mellom nordiske og baltiske land for å fremje utvikling av og kjennskap til opne læringsressursar. Dette skjer med støtte frå Nordisk råd-programmet Nordplus. Den svenske organisasjonen for fleksibel opplæring, SVERD, er koordinator for Boldic Award. Prisen blei første gong delt ut i 2005.

Les mer om tildelinga av [Boldic Award 2014](#) her.

Juryen si grunngjeving

[Les juryen si grunngjeving her](#)

NDLA er eit innovativt prosjekt som lagar opne læringsressurar for alle med Creative Commons-lisens, heiter det i grunngjevinga. Juryen framhevar NDLA sin samarbeidsmodell og potensialet for ei oppskalering som kan fremje nettbasert læring i heile Norden og i dei baltiske landa. "The NDLA project's strategy and solutions can be scalable over the whole Nordic and Baltic region. This is a unique way to work together

to promote online learning and ICT-supported flexible lifelong learning in the Nordic and Baltic region."

Ein sjølv sagt del av ein god heilskap

"Denne merksemda er stor stas for alle som har jobba med NDLA," seier dagleg leiari i NDLA, Øivind Høines. "Det er ei anerkjenning av arbeidet til lærarar og leverandørar frå heile landet, som har jobba hardt for å få til eit så godt produkt. Opne læremiddel er i dag eit internasjonalt fenomen. Da vi starta med NDLA i 2006, var digitale læremiddel revolusjonerande. I dag er det ein sjølv sagt del av ein god heilskap."

Internasjonal merksemd

Dette er ikkje første gongen NDLA får internasjonal merksemd. I 2011 blei NDLA nominert til den prestisjetunge europeiske [EPSA-prisen](#). Da var det NDLA si organisering som ei distribuert verksemd, som vekte interesse.

Fylkeskommunalt eigarskap

NDLA er eigd av 18 fylkeskommunar. Dei fleste medarbeidarane er fylkeskommunalt tilsette som er engasjert av NDLA for kortare eller lengre tidsrom. NDLA har som visjon å utvikle opne gode digitale læremiddel i alle fag i vidaregående opplæring. NDLA legg til rette for at elevar og lærarar kan vere aktive og deltagande i læringsarbeidet.

Sjå læremidla på NDLA [her](#)